

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 12.02.2015

SAKSHANDSAMAR: Ivar Eriksen

SAKA GJELD: Oppnemning av nytt medlem til revisjonsutvalet

ARKIVSAK: 2015/1528/

STYRESAK: 025/15

STYREMØTE: 03.03. 2015

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret oppnemnar som ny representant til styret sitt revisjonsutval.

Oppsummering

Styret i regionalt helseføretak skal blant sine medlemmer velje minst tre personer til styrets revisjonsutval. Med bakgrunn i at eit av medlemmene i revisjonsutvalet er gått ut av styret i Helse Vest RHF er det behov for å oppnemne eit nytt medlem til utvalet.

Fakta

Helse Vest RHF har sidan 2005 hatt ein ordning med revisjonsutval (tidlegare kalla kontrollkomitè og revisjonskomitè). Utvalet er eit underutval av styret og har som føremål å styrke styret sitt fokus på kontroll og tilsyn.

Ordninga med revisjonsutval blei med verknad frå 1. januar 2013 lovfesta, jf. helseføretakslova § 21a som har følgjande ordlyd:

Styret i regionalt helseforetak velger blant sine medlemmer minst tre personer til styrets revisjonsutvalg. Begge kjønn skal være representert. Styreleder kan ikke velges. Minst ett av medlemmene skal ha kunnskap om regnskap og revisjon.

Styret tilsetter leder for internrevisjonen og fastsetter instruks og årsplan for internrevisjonen.

Det er utarbeidd eigen instruks for revisjonsutvalet. I tillegg er ordninga omtala i «Rettleiar for styrearbeid i regionale helseføretak» der det heiter følgjande:

«Revisjonskomitèen sitt arbeid er ein del av styret sitt tilsynsansvar. Revisjonskomitèen skal halde seg orientert om internrevisjonen sitt arbeid».

Kommentarar

I følgje punkt 2.2 i instruks for revisjonsutvalet skal styret velje medlemmene av revisjonsutvalet for to år om gangen. I styremøte 5. februar 2014 blei følgjande personar oppnemnt som representantar til styret i revisjonsutvalet:

- Lise Reinertsen, leiar
- Gunnar Berge, medlem
- Reidun Johansen, medlem

Som følgje av gjennomført val av styremedlemmer av og blant dei tilsette har Reidun Johansen gått ut av styret i Helse Vest RHF, og det er derfor behov å oppnemne eit nytt medlem av revisjonsutvalet.